

# Villgang i vig og verja

Sverre Stausland Johnsen

## Inngang

I 2016 kom fyrsta bandet i det nya målsogoverket *Norsk språk-historie* ut. Bandet heiter *Mønster* (Sandøy, 2016), og eg skreiv eit nokot åtfinnugt ummæle av det bandet i 2019 (Stausland Johnsen, 2019, frå no «SJ 1»). Styrararne av verket var ikkje nøgde med ummælet mitt, og i lag med tvo av bokskrivararne skreiv dei eit langt svar på nær fyrti sidor (Sandøy o.a., 2020, frå no «SCKN»). Dei var misnøgde med ummælet mitt av di dei totte det ikkje var rosande nog, og av di «analysane og teksten [...] ikkje blir fullstendig nok presentert» (SCKN, s. 94, 126), endå SJ 1 var eit langt og grannsammt ummæle på meir en seksti sidor. I svaret sitt bøter SCKN på både desse «lyti», og på mange håttar hev dei no skrivet det ummælet av sitt eget verk som dei ynskte at eg hadde gjort. Det er alt greidt, men det fører samstundes til at mangt av det dei skriv um, ikkje hev so myket beint å gjera med ummælet mitt. Difyre kom eg berre med eit myket stutt tilsvar (Stausland Johnsen, 2020, frå no «SJ 2»), der eg fyrst og fremst peikar på at dei ikkje freistar å rikka ved hovuddomen min, som er at det er for mange mistak i boki. Sidan dei ikkje gjerer det, såg eg helder ingen grunn til å ganga inn på alt annat dei tok upp i det langa svaret sitt. Men i tidi sidan hev eg fyre alt det fenget høyra frå både felagar og næmingar at dei hadde ynskt eg svarade på sume av dei åtfinnuge merknaderne frå SCKN. Til gagn og gleda fyre deim legg eg det fram i detta stykket. Eg skal lika fullt halda det stutt og berre koma inn på dei mest mætande stelli.

---

Takk til bokstyraren Thorgeir Holm fyre gjennomlesnad og merknader.

## Målbrigde

Me veit at når folk kjem saman, då tek dei etter einannan i målvegen. På den visi kann eit måldrag breida um seg i samnøytet. I SJ 1 legg eg fram ei grunnsetning um at eit gisse byr vera einfelt helder en mangfelt (s. 85–86). Når me øygjer eit nytt måldrag innanfyre eit nokot stort målvald, er det mest einfelt å leggja til grunn at det nya måldraget er uppkomet einn stad og sidan hev breidt um seg i detta målvaldet. Eit mangfelt gisse er å tru at det sama måldraget helder vart skapat å nyo på mange ulike stader i same landsluten, og eit slikt gisse synest minder rimelegt. Um me legg einfelde gisse til grunn, tyder det at målbrigde fyrst og fremst er utbreidingsovringar. Og um måldrag breider seg gjennom dei folkasambandi som finst, då ventar me å sjå at måldragi breidest ut frå storbyarne til småbyarne (s. 85–90).

I ymse småbyar på Sudvestlandet hev dei fenget ei ny bøyging av sterke segnord. Fyre det gamla *sova - søv'e* finn me no *sova - sov'e* utan skifte i sjølvljodet. I boki *Mønster* trur dei at detta brigdet er heimavakset i desse småbyarne, og at det kjem av «strukturelle føringar» (s. 59–62). I samsvar med det som er nemnt ovan, slær eg på at det helder er nokot som hev breidt um seg frå storbyarne Stavanger og Bjørgvin (SJ 1, s. 86–87). SCKN hev manga sidor med motmæle mot detta (s. 99–106), men endar lika fullt dryftingi si med å kalla brigdet ein «spreiingsprosess», der «avviklinga av vokalskiftet har tøygd seg [...] ved nabokontakt. Og kanskje litt ved hopping frå sentrum til sentrum» (d.e. frå by til by). Når det kjem til stykket, tykkjer visst SCKN at eg endå hadde rett.

SCKN skriv (s. 103–106) at umskiftet frå *sova - søv'e* til *sova - sov'e* i desse målføri er ei heimavaksi jamlaging etter andre sterke segnord som *skriva - skriv'e*. Dei læt um at detta umskiftet ikkje hender i målføre med einstavade notidskap som *søv*. Målføre med ei bøyging som *sova - søv* skal difyre halda på det gamla. Denne skilnaden millom målføri «er eit viktig poeng», skriv dei, for det syner at umskiftet «kan berre forklarast med analogi» (d.e. jamlaging). Denne hugleidingi er ikkje lett å fylgja. At eitt målføre hev haldet på den gamla bøygingi, segjer då ikkje nokot um kvar eit annat målføre hev fenget den nya bøygingi si frå. Detta synest dimed ikkje vera nokot motmæle mot at den nya bøygingi *sova - sov'e* kjem frå Stavanger og Bjørgvin.

Me fær elles ikkje vita kvat som er grunnlaget fyre påstandet at målføri med einstavade notidskap ikkje hev fenget ny bøyging.

I *Mønster* viser dei berre til Sandøy (1985), men helder ikkje her fær me vita nokot um grunnlaget. Det er ingi tilvisingar til kjeldor elder målrøknader, og ingi opplysingar um kvat framleggingi byggjer på. Me fær berre eit påstand um at umskiftet ikkje finst i nordhordlensk. Men um me ser i nokre nye etterrøknader um nordhordlandsmål, kann me sjå at detta ikkje er rett. Både Revheim (1997, s. 63) og Birkeland (2008, s. 41) kann fortelja at sterke segnord i ungt nordhordlandsmål er av gjerdi *sova – sov'e – radt* den bøygingi som SCKN segjer ikkje finst der. Denne nya bøygingi kann helder ikkje koma av ei heimavaksi jamlaging, for det finst ikkje nokot grunnlag i målbygnaden fyre at *søv* skulde verta *sov'e*. Bøygingi lyt vera komi utantil, og fremsta grunngevingi frå SCKN fyre at umskiftet på Sudvestlandet skulde vera ei heimavaksi jamlaging, fell med det burt.

## Ljodkunna

### Ljodfall

I SJ 1 viser eg til tri stader i *Mønster* der det stend at gamalnorsk ljodet hadde ordskiljande ljodfall. Dei try stelli læt soleides:

Når det gjelder tone, tyder det vi vet, på at dette trekket ikke ble brukt kontrastivt [i] gammelnorsk (s. 112).

Norsk [...] har imidlertid *etter* gammelnorsk tid utviklet en betydningdifferensierende kontrast basert på tone (s. 148, mi utmerking).

[...] i gammelnorsk [hadde] toneaksenten på primærtrykkstavelen neppe [...] utviklet seg til fullt ut kontrastivt tonelag ennå (s. 155).

Ved at eg viser til desse tri utsegnerna, tykkjer SCKN eg gjev «eit skeivt og urett bilde av korleis boka skildrar denne utviklinga», men gjeng ved at «dette kunne ha vore formulert klarare» (s. 114). Men eg ser ikkje nokot uklårt i dei hermde ordleggingarne. Dersom SCKN tykkjer at stelli dei sjølve hev skrivet, gjev eit «urett bilde» av målsogo, er det snarare framleggingi i boki det er nokot i vegen med.

### Lange medljod

I *Mønster* skriv dei at sidsta ljodet i dei gamalnorske ordi *høll* og *sótt* er «første delen av en lang konsonant» og at detta ljodet «forlenges» når ordi «ekspanderes til tostavellesord» (s. 110). Eg er

ikkje kar um å skyna det annarleides en at sidsta medljodet i *høll* og *sótt* ikkje er langt, men at det er langt i dei tvistavade skapi *høllu* og *sóttu*. Den skyningi fær studnad frå at dei ljodskriv både ordi med einfelt ljod når det stend sidst, men med tvifelt ljod når skapi er tvistavade: /hol./ og /so:t./, men /hol.lu/ og /so:t.tu/.<sup>1</sup> Når eg legg det til grunn fyre umdømingi mi, tykkjer SCKN eg gjerer det «[m]ot eller med betre vitende» (s. 115). Lika fullt gjeng dei ved at stellet kann «kritiserast for [at det] ikkje gjer det klarare korleis ein tenker seg at [...] konsonanten fonetisk må ha blitt uttalt», og at framleggingi «kanskje ikkje var den beste likevel», og at dei einstavade skapi helst skulde ha voret ljodskrivne /hol.l/ og /so:t.t/ med tvifelt medljod. Med andre ord var både lesingi og åtfinningi mi rettkomi.

### Tyngd

SCKN segjer eg «avviser» løysingi i *Mønster* um tyngdleggingi i austnorsk (s. 116). Men eg hev ikkje vist nokot av. Eg gjerer ikkje annat en å koma med eit spørsmål (sj 1, s. 97):

Korleis skal ein som talar austlandsk vita at ordet *mettal* har det “underliggjande” trykket på siste stavinga, men at ordet *gammal* har det på fyrste stavinga, når det ikkje er nokon ting som skil orda åt prosodisk? [Dei] kjem ikkje inn på det spørsmålet.

SCKN svarar at desse tvau ordi ikkje er like på lag, sidan ordet *mettal* hev «bitrykk», elder «sekundærtrykk», på andra stavingi (s. 116). Men detta er ingi uttyding so lenge me ikkje fær greida på kvat «bitrykk» tyder i røyndi elder korso ein austlending kann høyra detta «bitrykket» i ordet *mettal*. SCKN kann ikkje segja annat en at det «er eit empirisk spørsmål som fortener ei nærare gransking». Dimed hev dei ikkje nokot svar på spørsmålet eg kom med i sj 1, og då syner det at det var radt det retta spørsmålet å gjera.

### Ordtilfanget

I sj 1 nemnde eg at eg skulde ynskja *Mønster* hadde sagt meir um kvar norsk hev fenget lånordi sine frå, i staden fyre å skriva so myket om kvat det endalega opphavsmålet åt lånordi er. SCKN er i grunn samde i det, men tykkjer «det er for mykje forlangt».

1. Det er uvisst kviføre *Mønster* og SCKN ljodskriv dei tvau sjølvljodi ⟨q⟩ og ⟨o⟩ med sama teiknet /o/.

Samstundes hev dei fyre at ynsket mitt råkar meg sjølv, sidan eg «er opptatt av at orda som kjem inn i Indre Østfold, er danske», endå dei «neppe [har] komme direkte frå dansk» (s. 123). Det er sant, men so hev eg helder ikkje sagt at ordi kjem beint frå dansk, og SCKN kann helder ikkje visa til kvar eg skal ha sagt det. SCKN held fram at ordi «har altså mest sannsynleg hatt ei mellomlanding innanlands, og det er den som er interessant». Det er eg samd i, og det er radt difyre eg skreiv i SJ 1 at *Mønster* burde ha skrivet meir um desse millomlandingarne, og at desse ordi kjem frå «det danske språket i Noreg» og «det norsk-danske bokmålet» (s. 110–111, 114). Millomlandingi er med andre ord i Norig. Sidan SCKN endar med å vera samde med meg, er det uvisst kven det er dei mæler mot her. Elles er det forvitnelegt å sjå at SCKN tykkjer det er desse millomlandingarne som er mætande fyre målsogo, men samstundes tykkjer «det er for mykje forlangt» at boki deira skal skriva um deim.

Eg skriv i SJ 1 at «omveltinga av ordtilfanget vårt kjem av at bokmålsord kjem inn og trengjer dei gamle norske orda ut», og eg finn åt boki *Mønster* fyre at dei ikkje nemner det norsk-danska bokmålet i denne samanhengen i det heila. Deira utgreiding er at umveltingi kjem av at «sterke ordgeografiske grenser blir [...] utviska» (SJ 1, s. 113–116). I svaret sitt segjer SCKN inkjevetta til verja fyre utgreidingi i boki, men tykkjer domen min um bokmålsord er «for sterk», og at røyndi er «meir komplisert» (s. 123). Men då segjer dei seg samde i at bokmålet i minsto hev *sumt* å segja fyre umveltingi av ordtilfanget. I boki *Mønster* synest det som bokmålet hev inkje å segja, og med det vert åtfinningi mi av boki rettkomi etter deira syn au.

Eg hadde ei ordbok frå 1780 til å stydja uttydingi mi (Wilse, 1780). Boki hev med ord frå målføret i Indre Austfold, og broderluten av desse ordi vert ikkje lenger nemnde i målføret i dag. Dei ordi som er burte no, er ord som ikkje vert nøytt i det norsk-danska bokmålet, og dei ordi som vert sagde i staden, er bokmålsord. Eg held fram at detta «røper kva det er som har styrt endringa» (SJ 1, s. 114). SCKN held det fyre «ein fundamental metodisk svikt» at eg hev leset ordboki på den visi, sidan dei danske ordi «godt kan ha vore innkomne allereie på [Wilses] tid», jamvel um dei ikkje stend i ordboki hans (s. 124). Det er ikkje skillegt kvat det hev å segja i denne samanhengen. Sama um dei danske ordi kom inn fyre elder etter 1780, er det lika fullt tilfellet at danske ord er komne inn og norske ord er gjengne ut, og det var grant dét denne

etterrøknaden skulde gjeva eit døme på. SCKN segjer helder ikkje nokot imot den endalykti.<sup>2</sup>

I *Mønster* legg dei fram segnordet *eta* til eit døme på at «det grunnleggjande ordforrådet er mest motstandsdyktig mot lån» (s. 455). Eg skriv i SJ 1 at «nettopp dette ordet vert utskift med lånordet *spise* no om dagane» (s. 110). SCKN segjer det er «vanskeleg å ta tungt på kritikken» min når eg ikkje «kan vise til meir vitskaplege granskingar» (s. 124). Det er ei lang rekkja målførerkunnige granskarar som hev gjort sama åtgåingi som eg, millom andre Steinsholt (1964, s. 143), Paulsen (1981, s. 344), Skjekkeland (1999, s. 92), Akselberg (2008, s. 110), Jortveit ([2010], s. 119) og Nymo (2013, s. 279). Tor Erik Jenstad og Martin Skjekkeland gjorde utspurningar med ungdomar på Sunndalsøyri (Nordmøre) og i Kvinesdal (Aust-Agder), og fann at mange av deim berre sagde *spise*, elder *spise* attåt *eta* (Jenstad, 1983, s. 95; Skjekkeland, 2009, s. 206). Med andre ord er det godt grunnlag fyre å segja at lånordet *spise* tek yver fyre erveordet *eta* i norsk.

### Lester

I innleiingi i SJ 1 skriv eg at setta hovudstykket i *Mønster*, «Tekst og sjanger», er «ein gjennomgang av skriftkunne og ymse tekstsjangrar i den norske historia», og med di «ikkje høver vel inn i eit band om det ‘grammatiske systemet’» (s. 78–79). SCKN grunnar at detta stykket er teket inn i boki, med at det kringsar um «tekstgrammatikk», og at det soleides skal hava sin rette stad i ei bok um målbyggnaden (s. 95). Men eg kann inkje sjå at stykket sviv um eit slikt emne. Det er som nemnt «ein gjennomgang av skriftkunne og ymse tekstsjangrar i den norske historia». Ordet «tekstgrammatikk» er ikkje nemnt nokon stad i boki.

### Stråmänner

Som eg nemnde i SJ 2, hev SCKN ei lang rad merknader til ting eg aldri hev sagt elder skrivet. Eit drag gjennom heila stykket deira er

2. SCKN skriv at Wilse «brydde [...] seg ikkje om å ta med ev. levande ord som var felles med dansken» (s. 124), men dei segjer ikkje nokot um dei hev gjort ei grunnlesing av ordboki som førde deim til detta sterka påstandet. Eg hev seet på alle dei ordi som er oppførde på fyrste bokstaven A hjå Wilse. Under den stend dei ordi som tek til med *a-*, *æ-* og *å-*. Ei samanhaling med *Ordbog over det danske sprog* (Juul-Jensen, 1919–56) syner at meir en fyrti hundraddeilder av desse ordi fanst i dansk au. Den funden rimar dålega med påstandet frå SCKN.

å opna ein bolk med ei ording som «Johnsen meiner at ...», der det fylgjer eitkvart løglegt elder ovbodet som SCKN sjølve hev ordlagt, og so gjeng resten av bolken ut på å riva ned denne stråmannen dei sjølve sette upp. Eit døme på ein slik stråmann hev me alt seet øvst på s. 73 i detta stykket, der dei mæler mot eit påstand dei sjølve kom upp med. Her er det nog å gjeva døme berre frå dei fyrste tvo-tri sidorna i SCKN på sovorne stråmenner (s. 94–96).

I fyrsta fallet skriv SCKN at det «er likevel ikkje greitt å framstille den gamle forkinga som ei vitskapleg sanning som skal stå til evig tid, slik Johnsen framstiller det». Men dei kann ikkje visa til kvar eg skal ha lagt det fram soleides. Dinæst skriv dei at eg «hallar til eit etymologisk opphavs-perspektiv som formidlar eit syn om at ‘norsk’ og ‘ikkje-norsk’ er innebygde eigenskapar som følger språkfenomena gjennom historia». Helder ikkje her kann dei visa til kvar eg skal ha sagt det. Ein listugare stråmann er det når dei skriv at eg «meiner at norsk språkhistorie berre burde handle om den delen av norsk som er “nedervt frå gammalnorsk eller nylaga frå nedervt tilfang” (Johnsen 2019: 80)». Setningsbrotet dei hermer (med misstavingi «gammalnorsk» fyre «gamalnorsk»), er teket or ein heilt annan samanheng. I SJ 1 tykkjer eg det er bisnelegt at sjølva granskingsnemnet fyre verket deira, *norsk*, ikkje er umgripsfest nokon stad. Eg nemner at det er ymse ting ein kann leggja i namnet *norsk*, og at éi av desse umgripsfestingarne kunde vera «nedervt frå gamalnorsk eller nylaga frå nedervt tilfang» (s. 79–80). SCKN tek detta hermet og set det inn i ein ny samanheng dei sjølve hev funnet på, som er at «norsk språkhistorie berre burde handle om» det. Nokot slikt hev eg aldri sagt.

Resten av stykket deira held fram i sama leidi. Som eg hev sagt fyrr, er det «merkande at [dei] vel å setja opp desse stråmennene om kva eg ‘meiner’ og ‘hallar til’ når dei skal mæla imot, i staden for å gå imot det eg faktisk sa» (*Norsk Tidend* 1/2020).

## Skuldingar

Som eg òg nemnde i SJ 2, skuldar SCKN meg fyre å fara med fusk og fals. Skuldingarne er so grunnlausa at eg ikkje såg gagn i å ganga nærare inn på det der. Helder ikkje her skal eg segja so myket um det, men skal halda meg til dei ålvorlegaste skuldingarne frå SCKN. Som me skal sjå, er det inkje hald i deim.

I fyrsta fallet kjem eg (SJ 1, s. 89) med eit ordrett herm frå Anderson og Bugge (2015). SCKN kallar det både «fullstendig gale»

og «usan[t]» (s. 109–110). Men det er ikkje lett å sjå korso ei ordrett herming kann vera usann og heilt gali. I andra fallet skriv eg (SJ 1, s. 89–90) at «Alle nye språktrekk i Bergen og Stavanger samsvarar med språktrekka i Oslo (Nornes, 2011, s. 114; Aasen, 2011, s. 23–24, 98)». Både Nornes og Aasen skil berrlega millom *nye* og *gamle* måldrag i dei tvo byarne. På dei sidorna eg viser til, syner dei at dei *nye* måldragi alle er i samsvar med oslomål. Detta held SCKN fyre å vera «direkte referatfjusk» av di Nornes og Aasen legg fram måldrag som ikkje syner eit slikt samsvar (s. 109). Men dei måldragi SCKN hugsar på her, er radt dei *gamle* i bymåli, ikkje dei *nye*, som er deim eg segjer nokot um. SCKN blandar alle desse ulike måldragi saman, og læt denne samanblandingi vera grunnlaget fyre skuldingi um «fjusk».

Tridja fallet gjeld trui på målretting i målsogo. Um ein trur det er innbygda «føringar» elder «preferansar» i målbyggnaden fyre eit visst utfall av målbrigdet, då er det ei tru på at brigdet er rettat mot eit mål. I SJ 1 (s. 82–83) syner eg med manga ordretta hermingar at radt ei soveri syn vert framlagd i boki *Mønster*. SCKN kallar detta «sitatfjusk» (s. 113), men freistar ikkje syna at det er nokot galet med hermi. I staden stadfester dei i svaret sitt at boki deira skriv at «språkstrukturen har visse ‘føringar’ eller ‘preferansar’ for endringsresultat» (s. 113).

Alla skuldingarne deira um «sitatfjusk» kjem òg i eit nokot undarlegt ljøs når dei sjølve hermer ting eg ikkje hev skrivet. Millom annat læt dei um at «Johnsen (sst.: 79) skriv at “det burde vera uomtvisteleg” at [...]» (s. 95). Men ordet «uomtvisteleg» finst ikkje nokon stad i stykket mitt.

### Tilvisingar

I boki *Mønster* kann ein finna manga utgreidingar med tilvisingar til kjeldor som anten ikkje styd utgreidingi deira, elder som endåtil segjer imot deim. Eitt døme på det er når det heiter um gamalnorska stavingar at «[s]upertunge stavelser kombinerte lang vokal med lang konsonant, den siste alltid /t/ (Sandøy 1994)» (s. 142). Men kjeldo dei viser til her, Sandøy (1994), skriv at det ikkje finst soverne «supertunge stavelser» i gamalnorsk (sjå SJ 1, s. 97). Som ein kann sjå her, kjem det helder ikkje fram på nokor vis at kjeldo dei viser til, ikkje styd utgreidingi. Eg kjem med fleire slike døme i SJ 1.

SCKN gjeng ved at dei viser til kjeldor på denne visi, men segjer det er «normal praksis i faglitteratur» (s. 125). Sjølv er eg ikkje



kjend med det. Men det mest bisnelega her er at det dei held fyre «normal praksis», ikkje skal gjelda fyre andre en dei sjølve. Som alt nemnt i fyrre bolken um skuldingar viser eg til Nornes og Aasen når eg legg fram at dei nye måldragi i Bergen og Stavanger er i samsvar med oslomål. Når SCKN ranglegra trur at kjeldorna eg viser til, ikkje styd den utgreidingi, då er det «direkte referatfjusk». Men når SCKN sjølve gjerer det, då er det «normal praksis».

## Utgang

Styrararne av verket *Norsk språkhistorie* hev teket umdømingi mi av det fyrsta bandet *Mønster* på stor ålvora. Ikkje berre hev dei skrivet eit langt svar på ummælet mitt, men dei hev komet med eit tilsvar i bladet *Norsk Tidend* au (sjå næme 5/2019). Eg er takksam og audmjuk fyre at dei legg so myket brett på kvat eg tykkjer og dømmer um verket deira. Lika fullt er det inkje komet fram nokot i svaret deira som fører til at eg burde brigda elder vøla på det ummælet eg fyrst kom med i SJ 1, og i detta vesla stykket hev eg freistat å leggja fram døme og grunnar til det.

## Lesnad

- Akselberg, Gunnstein. 2008. *Ord og uttrykk frå Hordaland*. Oslo: Det norske samlaget.
- Anderson, Ragnhild Lie og Edit Bugge. 2015. Dialect and other explanatory factors in subconscious verbal guise tests. *Acta Linguistica Hafniensia* 47.2, s. 244–267.
- Birkeland, Mariann. 2008. «Dei e teite og dei e mær stril enn oss». Ein komparativ analyse av talemål, haldningar og samfunnsforhold i nordhordlandskommunane Meland og Radøy». Mastergradsavhandling i nordisk språkvitenskap. Universitetet i Bergen.
- Jenstad, Tor Erik. 1983. *Eit nytt sentrumsmål veks fram. Drag frå talemålet til ungdom på Sunndalsøra*. Nordisk institutt. Universitetet i Trondheim. Skrifter 5. Tapir.
- Jortveit, Olav. [2010]. *Venneslamålet. Ein sentral og standhaftig dialekt på Agder*.
- Juul-Jensen, H. (styr.). 1919–56. *Ordbog over det danske sprog*. Verner Dahlerup grunnade. 28 band. Udgivet af det danske sprog- og litteraturselskab. København: Gyldendalske boghandel. Nordisk forlag.
- Nornes, Marianne Valeberg. 2011. «Bergensk i Bergenhus. Ei sosiolingvistisk oppfølgingsgransking av talemålet i Bergenhus bydel». Masteroppgåve i nordisk språk. Universitetet i Bergen.
- Nymo, Steinar. 2013. *Ikkje så galle? Alfabetisk etymologisk ordlista frå senjamålet - og deromkring*. Kolofon.
- Paulsen, Ragnhild. 1981. *Ordbok over Nøttlandsmålet omkring 1900*. Tilrettelagt av Norsk Målførearkiv ved Ingeborg Hoff. Vestfold Historielag.

- Revheim, Irene. 1997. «Sosiolingvistisk variasjon i Sund kommune på Sotra». Hovedfagsavhandling, Universitetet i Bergen.
- Sandøy, Helge. 1985. *Norsk dialektkunnskap*. 2. utg. 1987. Oslo: Novus.
- 1994. The nature of “overlong syllables” in the Scandinavian languages. *Phonologica. Proceedings of the 7th International Phonology Meeting*. Wolfgang U. Dressler, Martin Prinzhorn og John R. Rennison styrde. Torino: Rosenberg & Sellier, s. 233–242.
- (styr.). 2016. *Norsk språkhistorie*. Band 1: *Mønster*. Oslo: Novus.
- Sandøy, Helge o.a. 2020. Merknadar til bokmeldinga av *Mønster* (NSH 1). *Norsk lingvistisk tidsskrift* 38.1, s. 93–131.
- Skjekkeland, Martin. 1999. *Agder – ein region mellom aust og vest*. Kva skjer med talemålet i området? *Målbryting* 2, s. 76–97.
- 2009. *Språk og samfunn i endring. Ein studie av tilhøvet mellom lokal identitet og talemålsutvikling*. Oslo: Novus.
- Stausland Johnsen, Sverre. 2019. Grunnleggjande spørsmål om språkending og norsk språkhistorie. Ein omtale av *Norsk språkhistorie I – Mønster*. *Norsk lingvistisk tidsskrift* 37.1, s. 77–138.
- 2020. Tilsvaret til Sandøy, Conzett, Kristoffersen og Nesse. *Norsk lingvistisk tidsskrift* 38.2, s. 271–274.
- Steinsholt, Anders. 1964. *Målbryting i Hedrum*. Skrifter frå Norsk Målførearkiv 19. Universitetsforlaget.
- Wilse, J.N. 1780. *Norsk Ordbog eller Samling af Norske Ord. I sær de som bruges i Egnen af Spydeberg og viidere paa den Østre-kant af Norge, med Forerindring om Mundarten, samt Tillæg af nogle Egnens Ordsprog og Egen-Navne*. Som Bilage K til Spydebergs Beskrivelse og ellers at faae for sig selv. Christiania: S.C. Schwach.
- Aasen, Kristine Nymark. 2011. «Stavanger-dialekten 30 år etter. Ei sosiolingvistisk oppfølgingsgransking av talemålet i Stavanger». Mastergradsoppgåve i nordisk språk. Universitetet i Bergen.